



Ikkje rør sjukelønna vår!





Ikkje rør sjukelønna vår!

I år er det 50 år sidan FN sitt kvinneår. Sjølv om vi har komme langt, er det framleis mange kampar vi må kjempe.

Sjukelønnsordninga er ein av dei viktigaste berebjelkane i den norske velferdsstaten. Den sikrar at folk kan vere heime når dei er sjuke, utan å risikere økonomisk uvisse. Ei universell sjukelønnsordning gir tryggleik for arbeidstakarar, bidreg til mindre smitte på arbeidsplassar og sørgjer for at folk kan komme tilbake i jobb utan ekstra bekymringar.

Likevel ser vi no at ordninga blir utfordra. Forslaga på å redusere sjukelønna eller innføre karensdagar, vil særleg gå utover lågtlønnte og mellombels tilsette, som allereie har usikre arbeidsforhold. Spesielt vil eit kutt i sjukelønna ramme kvinner. Kvinnedominerte yrke er ofte jobbar som krev fysisk nærvær. I helsesektoren, der over 80 prosent av dei tilsette er kvinner, er pasientane avhengige av at folk kjem på jobb, og at ikkje folk blir tvinga til å gå på jobb trass i at dei er sjuke.

Sjukelønn er ikkje ei gåve, men ein rett vi har krav på. Vi i SV vil kjempe for å bevare denne ordninga, fordi ho sikrar tryggleik for alle – uavhengig av inntekt og stilling.

For ingen blir friske av å vere fattige, og ingen kjem tidlegare tilbake på jobb av å ikkje få betalt rekningane sine. Vi håpar dei partia som no raslar med sablane over sjukelønna også snart innser dette.

Sosialistisk Venstreparti

Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

**Meld deg inn
i SV her:**

